

# Då taket på kulturhuset letta

**SOGNDAL:** Karane vart kvitt øyrevoksen og jenter mista flettene. Måndag 9. mars 2009 vart ein heilt uvanleg måndag.

Snakk om å kunna spela gitar! Ikkje berre ein, heller ikkje to – men tre gitaristar i verdsklasse rocka kulturhuset så til dei grader denne heilt uvanlege måndagskvelden.

**Ei anna gitarverd**  
Ronni Le Tekrø presenterte seg sjølv som den minste

bukken bruse, Mads Eriksen som den mellomste og Terje Rypdal som storbukken sjølv. Underteikna skal ikkje våga seg på noko gradering, men konstaterer alle tre sytte for trampeklapp etter ei heidundrande stund med gitarspel av ei anna verd.

Dei opna med kvar sin bolk, der den minste bukken

var førstemann ut på scena med rock av det harde slaget, gitarsoloar og ei herleg, raspande røyst.

## I ryggmargen

Mads Eriksen, den mellomste, imponerte ikkje mindre, og då han drog fram kassegitaren fekk me som var der oppleve gitarkunst av det

magiske slaget. Sidan vart det fleire magiske stunder, som då sjefen sjølv, Terje Rypdal, og Ronni Le Tekrø framførte The Cathedral.

Sjølv ein musikalsk analfabet som eg kjende det i ryggmargen då.

At dei tre reimt teknisk er i verdsklasse kunne me lesa oss til på førehand, men

spegledelede supertrioen viste oss denne kvelden finn ein ikkje på nokon plakat. Den må berre opplevast, og lukkelege er me som fekk det.

## Braut lyduren

Dei tre la sjela si i kvart einaste grep, kvar einaste akkord, med god og

utfyllende hjelp frå Paolo Vinaccia (trommer og perkusjon), Frank Hovland (bass) og Gunnar Bjelland (tangentar).

Slik vart det eit fyrverkeri av ein konsert, med eit lydnivå som overgjekk alt som har vore i Sogndal kulturhus. Det siste kan det nok vera ymse meiningar om,

men dette var ikkje ein konsert for sarte sjeler og vare trommehinner.

## Keep on, karar

Det var ein konsert for dei som likar det ypparste av gitarspel. Det var ein konsert for gamle rockarar. Og det var ein konsert som fekk oss som ikkje har spesielt god greie

på musikk til å sjå lyset. For oss er det før og etter 9. mars 2009.

Eg var ikkje den einaste som trampeklappa dei tre bukkane inn att på scena, det gjorde me alle i hop. Og då fekk me rockelåten over dei fleste rockelåtar, Keep on Rocking in a Free World.


Ja, gjer det karar: Rock så

lengde de klarar, langt inn i solnedgangen.


**Tor Yttri**  
tor.yttri@sognavis.no



**SPRUDLA:** Ronni Le Tekrø sprudla frå scena og gav det beste av seg sjølv.



**KUNSTNAR:** Mads Eriksen er kára til ein av verdas beste gitaristar og viste oss kviifor.



**SJEFEN SJØLV:** Terje Rypdal er framleis kongen med gitaren i fanget.

## Konsert

**3N, The Three Norwegians**  
Stad: Sogndal kulturhus  
Publikum: ca 200